

Saksutskrift

Arkivsak-dok. 26/00344-1
Saksbehandler Marianne Lundeberg

Årsrekneskap og Årsmelding 2025 - uttale frå kontrollutvalet

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Tokke kontrollutval	28.05.2026	10/26

Tokke kontrollutval har behandlet saken i møte 28.05.2026 sak 10/26

Møtebehandling

Kommunedirektør Åge Verpe og økonomisjef Magne Sturød presenterte årsrekneskap og årsmelding 2025 for Tokke kommune.

Oppdragsansvarleg revisor Ingebjørg Nordby Vibeto var til stades i saka.

Kontrollutvalet er ser nøgd med administrasjonen sitt arbeid med årsrekneskapen og årsmeldinga for 2025.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet sin uttale til Tokke kommune sin årsrekneskap og årsmelding 2025:

Kontrollutvalet har handsama Tokke kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2025.

Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr 6 830 000. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2025, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Revisor har lagt fram revisjonsmelding 14.04.2026. Revisor har lagt fram revisjonsmelding som stadfestar at årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram i samsvar med lover og forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk.

Kontrollutvalet har hatt jamleg oppfølging med revisjonen gjennom året og i samband med årsoppgjeret.

Kontrollutvalet har ikkje blitt kjent med tilhøve som bør ha betydning for kommunestyret si godkjenning av årsrekneskapen eller årsmeldinga for 2025.

Kontrollutvalet tilrår at Tokke kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2025 vert godkjent.

Uttalen vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

Årsrekneskap og Årsmelding 2025 - uttale frå kontrollutvalet

Innstilling fra sekretariatet

Kontrollutvalet sin uttale til Tokke kommune sin årsrekneskap og årsmelding 2025:

Kontrollutvalet har handsama Tokke kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2025.

Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr 6 830 000. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2025, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Revisor har lagt fram revisjonsmelding 14.04.2026. Revisor har lagt fram revisjonsmelding som stadfestar at årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram i samsvar med lover og forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk.

Kontrollutvalet har hatt jamleg oppfølging med revisjonen gjennom året og i samband med årsoppgjeret.

Kontrollutvalet har ikkje blitt kjent med forhold som bør ha betydning for kommunestyret si godkjenning av årsrekneskapen eller årsmeldinga for 2025.

Kontrollutvalet tilrår at Tokke kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2025 vert godkjent.

Uttalen vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

Saksopplysninger

Det følgjer av kommunelova § 14-3 at kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsrekneskapane og årsmeldingane før formannskapet eller fylkesutvalet innstiller til vedtak.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å vurdere kva uttala skal innehalde. Korkje kommunelova eller forskrifta om kontrollutval og revisjon stiller konkrete krav til kva uttala skal innehalde,

utover at han skal knyte seg til forhold i årsrekneskapen eller årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsmelding. Sjå òg sekretariatet sine kommentarar under merknader. Tokke kommune sin årsrekneskap vart lagt fram for revisjonen til fristane. Revisjonsmeldinga er avlagt 14.04.2026 og er ei normalmelding. Det vil seie at revisor gjennom sitt arbeid ikkje har avdekt vesentlege feil eller manglar som kunne ha medført atterhald eller presiseringar i revisjonsmeldinga.

Kommunedirektør Åge Verpe og økonomisjef Magne Sturød vert kalla inn for å presentere årsrekneskap og årsmelding 2025 for Tokke kommune.

Oppdragsansvarleg revisor Ingebjørg Nordby Vibeto er også invitert til møtet for å gjere greie for revisjonsmeldinga og svare på spørsmål frå medlemmane i utvalet.

Sekretariatets vurdering

Sekretariatet gjer merksam på at kontrollutvalet i utgangspunktet står fritt i kva uttala til årsrekneskapen og årsmeldinga skal innehalde. Sekretariatet vil likevel peike på at formålet med uttala frå kontrollutvalet primært er å gi innspel til kommunestyret og formannskapet si handsaming av årsrekneskapen og årsmeldinga. Det gjer at forhold som er knytte til økonomiforvaltning, svakheiter i rutinar og liknande som kontrollutvalet er blitt kjent med, t.d. gjennom oppfølginga gjennom året med revisor, berre bør omtalast i uttala i den grad kontrollutvalet meiner at desse forholda må få betydning for godkjenning av årsrekneskapen/årsmeldinga i kommunestyret. Forhold knytte til internkontroll og økonomiforvaltning som ikkje påverkar godkjenninga av årsrekneskapen/årsmeldinga bør handterast av kontrollutvalet som eigne saker som eventuelt også vert oversendte til kommunestyret for handsaming.

Sekretariatet gjer vidare merksam på at kravet om å uttale seg til årsrekneskapen og årsmeldinga gjeld krava til innhald i årsrekneskap og årsmelding slik dei følgjer av kommunelova med tilhøyrande budsjett- og rekneskapsforskrift. Uttalen dekkjer ikkje finansrapportering eller annan frivillig omtale administrasjonen har teke inn utover dei lov- og forskriftsbestemte krava til innhald i årsmeldinga.

Sekretariatet registrerer at revisor har lagt fram normalmelding. Sekretariatet er ikkje kjent med at det gjennom året eller i samband med revisor si oppsummering av arbeidet med årsoppgjersrevisjonen har kome fram forhold som tilseier at kommunestyret ikkje bør godkjenne årsrekneskapen eller årsmeldinga slik dei er lagde fram.

Sekretariatet tilrår å gi ei uttale slik det går fram av forslag til vedtak.

Vedlegg:

-Revisjonsmelding_2025_Tokke_kommune

-Årsrekneskap 2025 Tokke kommune

-Årsmelding Tokke kommune 2025